

Protokoll - Styremøte november 2024

Dato: 10.11.2024 19:00

Sted: Møterom, Servicebygg

Deltakarar:

- Øystein Våge (Styrelar)
- Hallgeir Goa Myhre (Nestleiar - Gruppeleiar Fotballgruppa)
- Linn Maiva Waage (Styremedlem - Gruppeleiar anleggsgruppa)
- Marte Kolbjørnsen (Styremedlem)
- Øystein Aa Lysne (Styremedlem - Gruppeleiar Ungdom- og E-sportgruppa)
- Linda Madsen Helvik (Varamedlem - Gruppeleiar aktivitetsgruppa)

Styret er dermed vedtaksført.

Sak 24/8/1, vedtakssak

Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak

Innkalling og saksliste enstemmig vedtatt.

Sak 24/8/2, vedtakssak

Endring av signering møtereferat

Elektronisk signering av møteprotokollar medfører ein kostnad. Eit alternativ til elektronisk signering er gjennomgang av referat og godkjenning av denne på påfølgande møte.

Vedtak

Styret vedtok å gå vekk frå rutina med å signere møtereferat, og heller godkjenne referatet på neste møte. Vedtaket var samrøystes.

Sak 24/8/3, diskusjonssak

Resultatrekneskap Q3 2024

Gjennomgang av resultat og prognose per Q3 + oktober 2024.

Prognosen for 2024 viser at rekneskapen så langt er i balanse mot budsjett, og ein kan såleis gjennomføre dei planlagte tiltaka som vart stoppa tidlegare i år grunna usikkerhet i inntektspostane.

Sak 24/8/4, vedtakssak

Samarbeidsavtale Bømlo IL

Noverande samarbeidsavtale er gjeldande ut 2024, og må såleis fornyast for 3 nye år om ein ynskjer å fortsette samarbeidet i same form som ein har hatt 2022 - 2024.

Vedtak

Styret gav Leiar og Nestleiar fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med Bømlo-IL for 3 nye år gjeldande frå 2025 sesongen. Avtalen skal ta utgangspunkt i eksisterande avtale, men mindre tilpasningar og presiseringar kan gjerast utan vidare godkjenning frå styret.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 24/8/5, vedtakssak

Yoga

Klubben er kontakta av tilbydar som ynskjer å starte opp eit yogatilbod i bygda.

Vedtak

Styret vedtok å tilby Yoga som eit gratis prøveprosjekt for FSK sine medlemmer fram til nyttår. Ein diskuterer vidare med tilbydar for løysing frå og med 2025, anten som eit tilbod gjennom FSK, eller eit privat tilbod der FSK leiger ut lokale.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 24/8/6, orienteringssak

Orientering 50-års jubileum

Klubben er klar for 50-års jubileum, med ca 100 påmeldte til barne- og ungdomsfestane og 96 vaksne til kveldsarrangementet.

Sak 24/8/7, diskusjonssak

Eventuelt

Saker som ikkje har stått på saklista

- Hallgeir har fått pris på oppgradering av lys. Kommunen er tilbydt at FSK skal stå for montering og Bømlo Kommune dekker kostnaden for utstyr. Ventar på vidare avklaring på dette.
- Det arbeidast vidare med kommunen med tanke på nytt dekke.
- Det arbeidast med å få løyve til å planere ut eit område aust om fotballbanen for permanent plassering av 3'ar banane.
- Øystein, Roy og Kristian skal ha strategimøte i sponsergruppa tirsdag.